



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
26.05.2016
Dykkar dato
21.04.2016

Vår referanse
2016/5557 331.1
Dykkar referanse

Radøy kommune,
Radøyvegen 1690,
5936 Manger

RADØY KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2016 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 10.desember 2015.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til auke i skatteøyret for kommunane frå 11,35 prosent i 2015 til 11,8 prosent i 2016.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr. 122.257.000,- i skatt på eige og inntekt for 2016.

I 2015 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 6,0 prosent. Det er i revidert nasjonalbudsjett rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2015 til 2016 med 6,4 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2015 var 84,0 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2016 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2016 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr. 269,8 mill.

Inntektsprognosene for 2016 er no oppdatert med endelige innbyggjartal per 01.01.2016 og inntekten skatt i 2015. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal per 01.01.2016. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2015.

Dei frie inntektene er ikkje budsjetterte for høgt samanlikna med den førebelse inntektsprognosene. Det vil likevel vere uvisse knytt til skatteutviklinga i år som følgje av høgare arbeidsløyse. Kommunen har negativ skatteutvikling i dei første fire månadene i år samanlikna med den same perioden i fjor.

Kommunen må gjennomføra budsjettrevisjon dersom den faktiske utviklinga i dei frie inntektene tyder på at inntektene er budsjetterte for høgt.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med om lag kr. 11,9 mill. i eigedomsskatt for 2016. Innkomen eigedomsskatt i 2015 var kr. 11,8 mill. Budsjettert eigedomsskatt blir vurdert som realistisk.

Eigedomsskatten for 2016 er vedteke med sju promille som hovudsats og tre promille på bystader og ubygde grunnstykke.

Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter og utbytte er inntektsført med samla kr. 3,7 mill. Av dette utgjer aksjeutbytte frå BKK i underkant av kr. 3,0 mill. (0,74 prosent av samla utbytte). Faktisk utbytte frå BKK i år er blitt noko høgare.

Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er redusert frå 2,7 prosent i statsbudsjettet til 2,6 prosent i revidert nasjonalbudsjett. I pårekna pris- og kostnadsvekst inngår lønsvekst med 2,4 prosent.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag $3 \frac{1}{2}$ - 4 prosent av lånegjelda når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med. Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettert med kr. 7,8 mill. i ordinære avdrag, utanom avdrag på formidlingslån.

Dei ordinære avdraga i budsjettet er noko for låge i høve til det vi tilrår kommunane som eit minstenivå. Vi tilrår at dei ordinære avdraga blir justerte opp. Dersom ordinære avdrag blir auka med t.d. kr. 0,5 mill. frå budsjettet nivå, vil det tilrådde minstenivået til ordinære avdrag på 3,5 prosent av netto lånegjeld om lag bli oppfylt.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettet med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekka renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærmere det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Kommunane er i tidlegare år tilrådde å ha eit netto driftsoverskot i prosent av driftsinntektene på minst tre prosent, basert på prinsippet om formuebevaring. Momskompensasjon frå investeringar har til og med 2013 vore inntektsført i driftsrekneskapen. Frå og med 2014 blir momskompensasjonen frå investeringar i staden inntektsført direkte i investeringsrekneskapen.

På denne bakgrunn reduserte Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi i sin rapport frå november 2014 det tilrådde nivået for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, frå tre prosent til $1\frac{3}{4}$ prosent for kommunane generelt (For fylkeskommunane er det tilrådd eit høgare nivå som følgje av ansvar for tidlegare riksvegar).

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vere noko høgare enn $1\frac{3}{4}$ prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Kommunen hadde eit rekneskapsunderskot for 2014 med kr. 4.649.952,-. Kommunestyret har i møte 10.12.2015 vedteke å nytta av disposisjonsfondet til å dekka meirforbruket frå 2014. Disposisjonsfondet er i 2015 redusert med omlag kr. 5 mill. til kr. 1,2 mill. per 31.12.2015.

Kommunen hadde eit netto driftsoverskot i rekneskapen for 2015 med om lag kr. 12,4 mill. Det utgjer 3,1 prosent av driftsinntektene. Ein stor del av netto driftsoverskot er sett av til bundne driftsfond, som vil bli brukt i 2016. Etter netto avsetjing, er det eit rekneskapsoverskot for 2015 med kr. $3\frac{1}{4}$ mill.

Fylkesmannen tilrår at kommunen nyttar 2015-overskotet, kr. $3\frac{1}{4}$ mill., til å styrka disposisjonsfondet. Det er viktig å bygge opp att disposisjonsfondet etter at det i stor grad er blitt redusert.

I budsjettet for 2016 er det eit netto driftsoverskot med i underkant av kr. 3,0 mill. Fylkesmannen tilrår at kommunen prioriterer å nytta også dette overskotet til å styrka disposisjonsfondet. På bakgrunn av at kommunen har så lite disposisjonsfond etter meirforbruket i 2014, er det nødvendig å bygge opp att driftsreserven. Både rekneskapsoverskotet frå 2015 og netto driftsoverskot i årets budsjett bør nyttast til dette føremålet.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2016 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr. 34.350.000,-. I investeringane inngår kr. 850.000,- i eigenkapitalinnskot i KLP, som ikkje kan bli lånefinansiert.

Av investeringane utgjer VA - investeringar kr. 9,0 mill., som skal vere fullt ut sjølvfinansierande gjennom avgifter. Dei største investeringane elles er i samband med å få

stabilisert kyrkja på Manger, opprusting på Manger skule, ny barnehage, turveg og asfalt på kommunale vegar.

Investeringane er planlagt finansierte med bruk av lån kr. 30,0 mill. Det vil delvis vere bruk av unytta lånemidlar og delvis nye låneopptak. Resten av investeringane blir finansierte med momskompensasjon (kr. 3,5 mill.) og bruk av fond (kr. 850.000,-) til KLP - innskot.

I tillegg kjem låneopptak til vidareutlån med kr. 3,0 mill.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2014 for kommunane samla i fylket, utanom Bergen, til kr. 69.840,- per innbyggjar. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 51.200,-.

Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka og nivået må bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2014 var kr. 65.503,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2015 er rekna til kr. 269,3 mill., eller kr. 53.041,- per innbyggjar. Det er rekna at lånegjelda vil auka til omlag kr. 277 mill. ved utgangen av 2016.

Kommunen har framleis eit moderat gjeldsnivå. Kommunen sitt låge inntektsnivå gjer det viktig at gjelta blir halde på eit moderat nivå over tid.

Oppsummering

Kommunen må gjennomføra budsjettrevisjon dersom den faktiske utviklinga i dei frie inntektene tyder på at inntektene er budsjetterte for høgt.

Fylkesmannen tilrår at kommunen prioriterer å styrka disposisjonsfondet. På bakgrunn av at kommunen har så lite disposisjonsfond etter meirforbruket i 2014, er det nødvendig å bygge opp att driftsreserven. Både rekneskapsoverskotet frå 2015 og netto driftsoverskot i årets budsjett bør nyttast til dette føremålet.

Det er viktig å halde gjelta på eit moderat nivå over tid på bakgrunn av kommunen sitt låge inntektsnivå.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Gjenpart :

Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalstø
Regionrådet Nordhordland IKS, sekretariatsleiar, Postboks 13, 5902 Isdalstø